

Fekk politiskýss

Over eit halvt tusen deltok på dansetillinga i Øystesehallen laurdag. Lensmannsvakta opplyser at det ikkje vart registrert ordensproblem av noko slag. Ein bilist melde frå om at ei tydeleg alkoholløst kvinne gjekk midt i hovudvegen i nærleiken av Børvenes. Politiet vurderte valet av gangveg som risikabelt, og gav henne skyss heim med ein patruljebil.

Blåsetjuveri

To fortøyingsblåser – ei gul og ei raud – er meldt stolne frå Nes. Båe var forankra med vaier og trosse. Ifølgje politiet er det ikkje tvil om at dei er fjerna av uvedkomande. Tjuveriet har skjedd ein gong i april.

Innbrot igjen


Vin var målet for tjuven som sist veke braut seg inn i ei hytte i Ålvik. Ifølgje politiet knuste vintjuven ei vindaugsruete i kjellaren. Dette var det tredje innbrotet i hytta i Vikedal på kort tid. Politiet, som er interessert i tips, opplyser at eigaren har fjerna all alkohol frå bygningen.

Gjæser i veggen

To kvite tamgjæser har trakka rundt i Vikøy sentrum i fleire veker, opplyser Torbjørn Vågen. Kyrkjegarden har vore eit ynda beiteområde. Fuglane er ikkje flygedyktige. Vågen lurar på om dei kan ha kome drivande med vinden frå Jondal.

– Gjæsene oppheld seg ofte i veggen, og kjem nok til å lida trafikkløden dersom eigaren ikkje snart hentar dei, seier han.

Samlar tenester



Fin sei: Sei slik sei skal sjå ut. Denne er lengre enn fiskekassen, om lag fire kilo ferdig sløgd utan hovud.

Foto: Frode Strømnen

60 tonn sjømat frå Hardangerfjorden

Lokale fiskarar i samvirkelaget *Fiskfråfjorden* har sidan årsskiftet levert om lag seksti tonn sløgd garnfisk, krepssprut frå Hardangerfjorden til Nordhordland fisk AS.

seld gjennom grossist i Bergen, og dukkar opp att i fiskediskar og på restaurantbord i fylket.

– Å køyra fisk med lastebil til Nordhordland kan verka som ei dårleg miljøløysing. Men landtransporten krev under 0,05 liter diesel per kilo fisk. Fisken frå sjarkane i Hardangerfjorden har langt lågare karbonavtrykk enn den miljømerkte

Funna av kvikksølv i botnfisk som brosmen påverkar ikkje leveransane frå Hardanger. Det vert i stor grad fiska garnfisk som sei, lyr og torsk, artar som ikkje er påverka av ureining. Når det gjeld botnfisk, rettar fiskarane seg etter retningslinene frå Mattilsynet, som har trekt ei "tryggleikslinje" mellom Tørvikbygd og Jondal. Botnfisk utanfor denne grensa

Opprettinga av ny legevakt, ambulansestasjon og hjelpemiddelsentral på Tolohelmen vert litt dyrare enn fyrst stipulert, men vil ikkje påføra Kvam herad nye utgifter.

Det er konklusjonen i rådmannen si innstilling til formannskapet tysdag etter påske. Han meiner prosjektet bør seiast i gang slik det er planlagt.

Ombygginga vil til saman kosta 27,3 millionar kroner. Kvam herad sin del vert 13,1 millionar kroner, ifølgje sakshandsamar og teknisk sjef Per Øyvind Tveiten. Resten av pengane er tilskot frå Helse Bergen på 8,7 millionar og 5,5 millionar i tilbakebeta moms.

I saksframstillinga opplyser Tveiten at heradet må låna summen. Lånekostnaden vil verta dekt av 415.000 kroner som ein sparer i husleige for dagens legevakt i Helsebanken, 115.000 kroner i husleige for hjelpemiddelsentralen i Merwyn-bygningen, og reduksjon av ei halv stilling. Helse Bergen vil betala for ambulansestasjonen i tillegg til husleiga for spesialisthelseteneseta. Heradsstyret vedtok prosjektet i 2009 på vilkår av at det kan gjennomførast utan meirkostnader, og skal igjen skal ta stilling til utbygginga 10. mai.

Ifølgje rådmannen vil regjeringa til neste år gje Kvam herad om lag ti millionar kroner til dekking av kostnadene med samhandlingsreforma i helsestellet.

Eit lokalmedisinsk senter med avdelingar for rehabilitering og behandling i Kvam vil setja heradet i stand til å tilby tidleg observasjon av pasientar. Senteret kan utføra behandling og ta mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Dersom Kvam ikkje gjennomfører utbygginga, må heradet betala sjukehus eller andre kommunar for opphald og behandling. Målet med reforma er at det skal løna seg å bygga opp tenestetilbodet der folk bur og å behandla sjukdom så tidleg som mogeleg, skriv rådmannen.

Målet for 2011 er hundre tonn, noko ein kan nå med glans dersom fisket held fram som no. Truleg vil fiskarane levera åtti tonn før sommaren.

11 fiskefartøy frå Odda, Kvam, Jondal og Samnanger deltek. Fiskarane har dei siste åra ikkje hatt høve til å levera fersk fisk frå Hardangerfjorden, sidan mottaksapparatet fall bort. På grunn av samarbeidet mellom *Fiskeråffjorden* og fiskemottaket kan ein på ny levera råvare frå fjorden.

På restaurantbord

Fangstane til no gjev ein omsetnad på om lag éin million kroner. Tilsynelatande ikkje så mykje, men for fiskarane er det eit viktig bidrag i tillegg til dei andre songane i næringa, seier Frode Strønen i *Fiskeråffjorden*.

Mykje av sjømaten frå fjorden vert


torsken i frysediskane. Dette er korttreist sjømat av godt merke, seier Strønen, som håpar tiltaket vil auka interessa og rekrutteringa til fisket i regionen.

Fram til mars vart det fiska mest sei, men no er det mykje lyr å få i fangstane. Lyren er vestlandsfisken framfor nokon, og er betre betala, fortel han.

- Kan aukast

Ifølgje Strønen er fisket om lag som forventta. Ein visste om potensialet, og fiskarane får gode tilbagemeldingar frå mottaksapparatet om kvaliteten på råvarane frå Hardangerfjorden. Utøvarane har lagt stor vekt på felles rutinar for handtering av råvarene for å sikra rett kvalitet.

- Dersom me får fornya løyvet frå Fiskeridirektoratet, er det rom for ein monaleg auke i leveringane. Eg ser føre meg ein leveranse på mellom 120 og 150 tonn i 2012, seier Strønen.



Sjark: 11 båtar frå Odda, Kvam, Jondal, Samnanger og Kvinnherad har vore i sving i Hardangerfjorden. Her ser me MS Ramona fiskar ved Aksnes.

Foto: Frode Strønen

er trygg.

Lite "pelletssei"

Det har ikkje vore problem med såkalla "pelletssei" i vinter. Dette er fisk som har feita seg opp på laksefôr og er av dårlegare kvalitet.

- Eg har aldri sett så fin sei i fjorden. Mesteparten har vore slik skikkeleg sei skal vera, slank og fin, med rett kondisjon. Det kan sjå ut til at oppdrettsnæringa har fått betre kontroll med føret. No er det viktig at oppdrettarane framleis held føret inne i merdane. Då kan fiskarane sjå fram til seifisket til hausten, seier Strønen.

Fiskaren frå Jondal er oppteken av den kortreiste sjømaten, ein ressurs han undrar seg over at ikkje fleire har fått auga opp for. Ideen om foredling av lokal sjømat i Hardanger lever framleis, sjølv om målet om fiskemottak og butikk i Norheimsund vart lagt på is.

- Fisket i vinter har vist at potensialet for kortreist mat i høgste grad er verkeleg. Det ligg ein stor, unytta ressurs i fjorden som med stor fordel kunne vore meir synleg i til dømes reiselivsnæringa. Mange turistar kjem frå landområde med minst like spektakulær fjellnatur som i Hardanger. Det unike i vårt område er kombinasjonen av fjella og den djupe fjorden. Kvifor ikkje ta ressursane i fjorden i bruk, og tilby turistane kortreist, foredla sjømat? Me har til dømes ein stor røykjeritradisjon her i landet som kan takast i bruk, lyder oppmodinga frå den lokale fiskaren.